

UTSKRIFT av Hordaland fylkeslandbruksstyre si møtebok
frå møte 15/9 - 1967.

Frådeling og sal av 1 parsell (ca. 0,6 da) frå gnr. 18, bnr. 11
i Radøy.

Eigar: Selma Villanger.
Kjøpar: Sigmund Villanger.

I saka ligg føre 4 dokument etter dokumentlista.

Parsellen er skylddelt 19/7 - 1967, og har fått bruksnamnet
"Vårtun I".

Radøy jordstyrekontor har 23/8 -67 gjeve slik utgreiing:
"Frådeling av parsell til utviding av hyttetomt på gnr. 18, bnr. 11
i Radøy.
Eigar: Selma Villanger.
Kjøpar: Sigmund Villanger.

Med det omsøkte areal kjem hyttetomten for nær husa på bruket.
Jordstyret kan ikkje gå med på ei større utviding enn 10 m. nærare
mot tunet enn noverande hyttetomtgrense.

Vedtaket til jordstyret er samrøystes. Ein gjer merksam på
at fylkeslandbruksstyret såg på denne tomten ved synfaring her
den 16. august d.å."

Landbruksselskapet har 4/9 -67 skrive slik til jordstyret:
"Frådeling og sal av 1 parsell (ca. 0,6 da) frå gnr. 18, bnr. 11
i Radøy.

Med di vi viser til jordstyrekontoret sitt skriv frå 23/8 d.å.,
ber vi opplyst kor nært den nå omsøkte parsellen kjem tunet (nær-
maste hus). Vis dette på eit kartskiss, og teikn og inn korleis
jordstyret meiner at parsellen bør vera."

Jordstyrekontoret v/assistent Villanger har 8/9 -67 gjeve slikt
svar:

"Frådeling og sal av 1 parsell (ca. 0,6 da.) frå gnr. 18, bnr. 11
i Radøy.

Vedlagt sender me kartskisse over noverande tomt, likeeins
det tillegg som er søkt om å frådela. Det er og teikna inn slik
jordstyret meiner det bør vera. Uthus og avstand frå parsellen er
og påsett skissa."

Fylkeslandbruksstyret og fylkeslandbrukssjefen har 16/8 -67 hatt
synfaring på staden.

Fylkeslandbruksstyret vil gjera desse merknader:

Fylkeslandbruksstyret er samd med jordstyret i at parsellen "Vår-
tun I" kjem så nært tunet på bruket at frådelinga vil kunna verta
til gene for gardsdrifta. Frå "Vårtun I" til driftsbygninga vert
berre 28 m. Men fylkeslandbruksstyret kan godta frådeling av ein
parsell med dei grensar som jordstyret har gjort framlegg om (sjå
vedlagte kartskisse), med di det då skulle verta nokonlunde bra
klaring mellom tunet og parsellen.

Samrøystes vedtak:

Fylkeslandbruksstyret samtykkjer ikkje i at parsellen "Vårtun I"
vert delt frå gnr. 18, bnr. 11 i Radøy.

HORDALAND LANDBRUKSSELSKAP
fylkeslandbruksstyret


Rett utskrift:

Mentz Hauge,

Forhøret i Oslo 1967 av ...

1967. 1. 10. 1970

Hordaland
9 SEP 1967
Landbruksvesen



Overrønde fonn med hylse.

Tillegg til jordtyper-malnet det.

Resten av det som er skylskift.

Utoms (fjøs og lsa)